

# DET INTERKOMMUNALE HJORTEVILTUTVALET

---

Kontaktperson: Dagfinn Torstveit  
Tlf. 92265604

## Møtoreferat styremøte 12.12.2017.

---

Møtet vart halde i Møtelokalet til Tveit Regnskap på Liaheia og tok til kl. 12.30.

Desse møtte: Dagfinn Torstveit, Erling Lien, John Kåre Opheim, Kjell Netland og Ottar Borgenvik.

Gitte Halvorsen, Turi Ottersland Tjøstheim og Peder Kristiansen deltok og på møtet.

Saker:

- 4/ 2017. Vårteljing 2017
- 5/2017. Ny Hjorteviltplan 2019 - 2021??
- 6/2017. Evaluering av året som har gått.

Referat saker.

Dagfinn Torstveit refererer frå møte han deltok på hjå Naturdata.


Etter ei god matøkt ynskta Dagfinn Torstveit velkommen til møtet.  
Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

4/ 2017. Vårteljing 2017.

Har ikkje resultat frå alle kommunar pr. d.d.  
Eg vonar dette er på plass til møtet 12.12.


### ETNE.

Resultat: Om lag på same nivå som i 2016.




### BOKN:

Resultat: Ein auke samanlikna med 2016.




Tysvær.

*For Tysvær manglar nokon ruter, noko som gjer at kommunerapporten er noko misvisande.*



Karmøy

*Utan fastlands sida. Har ikkje vore med sidan 2012.*



Når det gjeld kommunane Sveio, Vindafjord og Suldal, må ein prøve å få dette på plass til neste møte, slik at ein kan sjå dette saman med fellingsresultata for 2017.

## 5/2017. Ny Hjorteviltplan 2019 - 2021??

Den eksisterande Hjorteviltplanen for regionen var gjeldane til og med 2015. Målsetjinga i planen ang. antal dyr og uttak var så godt som oppnådd i 2015. Hjorteviltutvalet har seinare vedteke å forlengje eksisterande plan med ein periode. Siste året har medlemmer i utvalet delteke på samlingar der utarbeiding av ulike Hjorteviltplanar har vore tema.

Korleis få ei god og berekraftig Hjortestamme har gått som ein raud tråd gjennom dei ulike føredraga. Sist på «Stormøte» i Tysvær og utvalsmøte på Liaheia i august var dette eit av tema.

Naturdata, som har utarbeidd eksisterande plan for Haugalandet, brukar opplysningar som ligg i Hjorteviltregisteret som grunnlag for vidare planarbeid. Innrapporterte data for regionen er for mangelfulle åleine for oppdatering av plan.

I Hjorteviltutvalet har det og vore delte meiningar om verdien av spesielt «sett Hjort» skjemaet.

Utvalet må ta stilling til framtidig Hjortevilt plan for regionen.

Her er eit enkelt oppsett når det gjeld målsetjing og uttak dei siste åra.

Uttak i 2016 er nok innafor målsetjinga, sjølv om spissbukk uttaket er noko høgt.

Tala for 2017 vert lagt inn til neste møte.

### Samanlikning med målsetjing i Hjorteviltplanen.

	Målsetjing	2015	2016	2017
Totalt felte dyr	2000	1795	1908	
Felt hannkalv	15 %	13 %	14 %	
Felt hokalv	15 %	14 %	12,50 %	
Felt hanndyr 1 1/2 år	15 %	20 %	22.5%	
Felt hodyr 1 1/2 år	15 %	11 %	14 %	
Felt Hanndyr eldre	15 %	21 %	17 %	
Felt hodyr eldre	25 %	21 %	20 %	

Slik eg ser det er alternativa:

- **Forlengje (rullere) eksisterande plan ein periode til.**

*Dersom ein synest resultatane av jakta, fordeling av uttak av dyr samsvarar med tidlegare plan, kan dette vere ei rimeleg løysing.*

*Utvalet kan i tillegg sjølvstilt gje råd til kommunane ang. rett avskyting.*

*Særleg dette med å spare storbukane og ta ut mindre spissbukk er relativt effektivt metode for å oppnå ei meir berekraftig stamme.*

*Forskinga viser og at auka hanndyr i bestanden gjev gjev større dyr og meir hann kalvar.*

- **Lage ny Hjorteviltplan.**

*Her er i dag fleire aktørar på markedet som gjerne vil utføre dette arbeidet.*

*Bestemmer ein seg for dette, må ein velje samarbeidspartnar og prøve på oppstart av arbeidet om ikkje alt for lang tid.*

- **Forsetje utan plan.**

#### Frå møtet.

Dagfinn Torstveit meiner at utvalet heile året har fokusert på å forvalte ei stor og kraftig hjortestamme utifrå kunnskap og ikkje synsing. Ein forvaltar store resursar i vår regionen og dette krev etter hans meining ein ny forvaltningsplan.

Torstveit har og teke kontakt med Geir Flakken i Naturdata og bede om pris for å rullere gjeldane plan.

Svarbrevet ligg ved.

Stipulerte kostnader til ny plan vert i storleik kr. 140 000,- / 150 000,- + eventuelle reisekostnader.

Opheim meinte dette var stor kostnad for lite, og trur det vil kosta meir enn det smakar.

Likevel positiv til ny plan sidan dette er eit krav at kommunane skal ha. Ved å lage ein slik plan for heile Haugalandet vil kostnadane for kvar kommune verta relativt små. Utvalet sit og på midlar som kan nyttast på dette.

Gitte Halvorsen var og positiv til å laga ny plan og meinte at mykje var endra sidan sist.

Peder Kristiansen stilte og spørsmål om kostnadsfordeling mellom kommunane.

Torstveit ville gjerne delta på eit møte i Haugaland rådet der ordførerane deltar, og leggje fram viktigheten av saka og kostnaden med ny plan. Han vonar dei kan setje av 10 min til å høyre på han.

**Vedtak: Hjorteviltutvalet går i gang med arbeidet med å lage ny Hjorteviltplan for Haugalandet.**

**Finansieringa vert å koma attende til i samband med budsjettet for 2018.**

## **6/2017. Evaluering av året som har gått.**

Utvalet har siste året brukt ein del resursar på fagleg oppdatering. Dette for å få større forståing av Hjorteviltet som ein resurs og kunne gje råd vidare til kommunane og andre. Skrantesjuka har og vore eit gjennomgåande tema.

Mattilsynet var med oss på møta i august og informerte på ein svært god måte om situasjonen. Me har vel og fått med oss at ikkje alle kommunane er like fornøgd med informasjonen derifrå, særleg info og rettleiing om prøvetaking m.m.

Når det gjeld reg. av sjuke dyr skal det være reg. 3 tilfeller hittil i år.

Ei elgku i Nord-Trøndelag og ein villrein på Norefjell. I tillegg er det funne smitte i eit av dyra under «utreinskinga» på Nordefjell.

«Sporhundsentralen». Dette er nok det som administrativt tek mest tid.

Eg må her få understreke at Dag Arne Matre saman med gjengen i Sporhundsentralen gjer ein framifrå innsats. Dette er arbeid som vert gjort for å spare dyr for lidelser, enten det gjeld under jakt, trafikk påkøyrslar eller andre skader.

Me har i dag 8 personar med hund som stiller opp på svært kort varsel, enten dette kjem frå politi, viltneemd eller jegerar.

Leiar i utvalet set pris på tilbakemeldinga frå medlemmer og kommunane om saker ein har teke opp og ikkje minst kva ein skal bruke resursar på vidare.

*Møtedeltakarane vart oppmoda til kommentera aktiviteten i året som gjekk og elles kome med innspel for vidare arbeid.*

*Torstveit var særleg skuffa over frammøte på «Stormøtet» på Tysværtunet. Det vart lagt ned mykje pengar og tid for å få til eit godt møte, og temaene burde vore interessante.*

*Opheim sa at ein hadde satsa feil, mindre møter, for eksempel kommunale møter der grunneigarar, jegerar og kommunane møttes samla meir folk. Dette var prøvd i Etne med suksess.*

*Elles sette Kjell Netland fokus på storleiken på dyra. Særleg der han jakta i dei ytre stroka var dyra som vart felte lettare enn tidlegare. Han framheldt vidare at ein måtte forsetja arbeidet med å få folk til å skyta mindre spissbukk.*

#### Referat frå Haustmøtet til Naturdata.

*Dagfinn Torstveit som og var føredragsholdar refererte grundig frå møte.*

*Tema som var mest interessante var sjølvtsagt prosjektet med utreinsking av Reinsdyr på Nordefjell for å få bukt med Skrantesjuka.*

*Totalt er det no registrert 8 reinsdyr som har vore sjuke eller smitta. Det er og registrert 3 elg og ein hjort med smitte. Mattilsynet ser ikkje noko samanheng med skrantesjuka på reinsdyr (som er smittsam) og dei andre dyra det er funne smitte hjå. Prøvetakinga vil halde fram. Svært interessante tema var og «Storfugl», og problematikken rundt alt for mykje raudrev.*

*Etter referatet vart det ein heller laussluppen diskusjon, særleg om jakt på raudrev (hijakt).*

*Det er i dag råd til å få løyve for å drive jakt i hitida, dersom reven gjer skade.*

*Viltnemnda kan gje skadeløyve for dette og det er grunneigar som må søkje.*

*Viltansvarleg i kommunane har regelverk for dette.*

Møtet slutt kl.15.00

Jostein Svendsbø  
sekretær